

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 13.11.2012
Sakhandsamar: **Kjersti Berge Evensen**
Saka gjeld: **Internrevisjonsrapport om tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB)**

Arkivsak
2012/265/
Styresak 133/12 B

Styremøte 05.12. 2012

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) i Helse Vest. Undersøkinga har omfatta Helse Vest RHF, dei fire føretaka og private tenesteleverandørar.

Formålet med internrevisjonen var å sjå nærare på korleis spesialisthelsetenesta legg til rette for heilskaplege pasientforløp innan TSB.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at Helse Vest RHF, føretaka og dei private tenesteleverandørane saman gir eit tverrfagleg, spesialisert behandlingstilbod for rusmiddelavhengige som er i tråd med nasjonale og regionale føringar.

Samstundes er det utfordringar i feltet ein bør sjå nærare på, og internrevisjonen kjem med fleire tilrådingar. Dei fleste er generelle og retta mot institusjonane i føretaka og dei private tenesteleverandørane, mens nokon er retta direkte til RHF-et eller eit eller fleire av føretaka.

Fakta

Problemstillingane i undersøkinga var:

1. Kva tilbod har spesialisthelsetenesta av tverrfagleg spesialisert behandling?
2. Korleis har Helse Vest RHF fulgt opp kontraktane som blei inngått i 2010 og Riksrevisjonen si undersøking frå 2010?
3. Korleis sikrar spesialisthelsetenesta gode pasientforløp?

Undersøkinga har ikkje sett etter feil og manglar på enkeltinstitusjonar, men søkt etter fellesnemarar som kjenneteiknar feltet og som har potensiale for utvikling i fellesskap.

Utfordringane som kjem fram i undersøkinga er særleg knytt til gjeldande rapporterings- og registreringspraksis, ulik oppfølging og ansvar for pasienten i ventetida og i overgangar mellom tenesteytarar, og bruk av pasientutsett frist i fleire føretak. I tillegg bør ein sjå nærare på om psykologane sin kompetanse og kapasitet blir nytta godt nok inn i døgninstitusjonane.

Kommentarar

Revisjonskomiteen får saka til behandling 04.12.12. Deira behandling ligg derfor ikkje føre på noverande tidspunkt.

Vedlegg:

Revisjonsrapport – Oppfølging av tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB)

